

Alver kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

ALVER 10.2.2023
KOHMUNE

10 FEB. 2023
23/1296

07.02.2023

Søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i arealplanen for løyve til å dele frå hus nr.2 på gbnr164/1 Sletten (Seim).

Bakgrunn:

Gbnr164/1 har eit samla areal på 649,9da. Av dette er 37,0da slåttemark, 36,6da innmarksbeite og 434,9da produktiv skog.

Bruket har to bustadhús. Det eine er eldre og står nær driftsbygningen, det andre er nyare. Det vart bygd som hus nr.2 på bruket. Det ligg for seg sjølv eit godt stykke nedanfor driftsbygningen.

Jordvegen er bratt og det har ikkje vore drift på eigedommen på mange år. Eigedommen har gode ressursar og særleg er det gode ressursar knytt til skogen.

Esben Grindheim har inngått avtale med eigaren Rune Seim om å forpakte eigedommen dei nærmaste 5 åra. Grindheim bur på staden i nytt hus bygd på frå-delt tomt (gbnr163/9). Grindheim sin plan er å ta opp att drifta på garden og i første omgang har han no kjøpt inn 10 vinterfora sau og starta opp uttak av skog for produksjon av ved. Han rustar opp veg til skogen for å kunne ta ut meir tømmer og virke for produksjon av ved.

På lengre sikt ynskjer Grindheim og kjøpe denne eigedommen, men ein føresetnad er at hus nr.2 på eigedommen kan delast frå. Dette ynskjer også Rune Seim, då han vil vere heilt uavhengig av eigedommen om den vert seld.

Sjå elles vedtak i sak 1135/21 om godkjenning av avtale om forpakting.

Søknad om deling:

På den bakgrunnen som er synt over, vert det søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet i gjeldande kommunedelplan for Alver kommune. Grunnen til å søkje om dispensasjon før søknad om deling, er at ein vil undersøke om deling er mogeleg. Ein syner elles til vedlagd skjema for søknad om deling, men ber om at kommunen vurderer spørsmålet om dispensasjon først.

I LNF-området er det slik ein forstår det, berre tiltak som er naudsynt for landbruket som er tillate. Såleis vil ikkje styresmaktene at det skal oppretta hus på frå-delt tomt.

Ein vil likevel i argumentere for at den delinga det her gjeld, er viktig føresetnad for at landbruket på staden på nytt kjem i gong, og såleis er naudsynt for landbruket.

Ein meiner og at huset ein vil dele frå ligg i ytterkant av eigedommen, nær alt eksisterande hus på frå-delte tombar og i god avstand frå driftsbygninga. Såleis vil driftsulemper ikkje vere eit tema, medan føremun for landbruket og eigedommen vil vere stor:

- Eigedommen kjem i drift
- Skog og innmark vert skjøtta og teke vare på
- Driftsbygninga vert rusta opp
- Kulturlandskapet vert teke vare på.

Ein meiner då at grunnlaget for å gje dispensasjon frå arealføremålet slik at deling kan finne stad, må vere til stades.

På den bakgrunnen som er synt over, ber ein om at det vert gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet slik at hus nr.2 på gbnr164/1 kan delast frå.

Dette legg til rette for at eigedommen kjem i full drift som landbruk. Areala og bygningsmassen vert teke vare på.

Med helsing
Rune Seim
Rune Seim
(eigar)

Esben Grindheim
Esben Grindheim
(forpaktar)